

Museumsnettverket for musikk og musikkinstrument

Samling på Rendalstunet 16-17/9-2024

Deling av kompetansestatus og prosjekt på musea frå deltakarane:

Ringve Musikkmuseum/ Rockheim, Sveinung Søyland Moen og Arnfinn Stendahl Rokne

Gjennomgang av kva ressursar og kompetanse som finnast ved museet. Det er laga faglege profilar på ansattesidene og det ligg info om FoU og konservering under fanen Kunnskap på nettsidene. Arnfinn gikk gjennom utstillingsprosjekta Dårlig stemning – lyden av følelser i norsk svartmetall, Harpe og Når Nyhavna forsvinner (produksjonlokaler for kultur som kulturarv).

Mjøsmuseet, Lisbeth Eilertsen

- Museet har to med musikalsk kompetanse og Lisbeth er ny på museet. Er derfor med for å lære-
- Lurer på bruken av Fiol og vil gjerne snakke med andre i nettverket om dette.
- Langeleikjubileet med Hasvoldseterleiken i fokus.
- Hadde det årlege «Sammarskvæll på Steinberg i juli» med langeleik som tema der Marit Steinsrud spelte på langeleikane (inkl. nokre nye inntak) og fortalde.
- Opplever eit oppsving for langeleiken i samarbeid med Gjøvik Spellemannslag
- Har arrangement flåtekonserter – ein konsert for Stein Villa der han sjølv deltok kort tid før han gikk bort og har gjennomført langeleikkveld med stor engasjement

Lillehammer Museum, Mari Synnøve Stakston

- Museet har ei fin samling med instrument, men har lite formalkompetanse på musikk
- Instrument er tatt fram i utstillinga Impulser. Folkemusikk og korleis det har vandra over landegrensar. Instrumenta har ikkje vorte vist fram sidan Leif Løchen arbeidde der på 1970- og 1980-talet.
- Mari jobber med instrument og musikk av personlig interesse og erfaring, men er kulturhistoriker.
- Museet jobber godt sammen med Gudbrandsdalsmusea, Tom Willy Rustad er ressurs for dei.
- Lite kunnskap om instrumenta som er utstilt, treng meire informasjon mtp formidlinga.
- Er opptatte av å visa fram musikken og dansen saman med instrumenta. Kan høyra lyden av kvart instrument og i tillegg sjå videoar med dans. Har då fått med unge musikarar som framfører ein Vågå-springleik som integrert video i utstillinga.

Forsvarsmuseet Niels Persen og Trude Westby

- Dei har ei mindre samling av musikkinstrument, men ei ganske stor notesamling (ca. 100 hyllemeter) med militærmusikk som Niels Persen vil leggja vekt på i denne presentasjonen.
- Major Bjarne Th. Larssen (1910–1973) – mykje av notesamlinga kjem frå han. Han var òg elev av Fartein Valen og Valen skreiv ein fiolinkonsert tileigna han.
- Har lenge vore lite interesse for denne musikken i Forsvaret, men byrjar å endra seg litt hos Forsvarets musikk.

- 1500 av verka er digitalisert og føreligg i eigen database som per no berre er tilgjengeleg for Forsvaret, men Persen leverer ut det som ikkje har copyright. Resten er berre tilgjengeleg ved besøk i arkivet og dei har diverre ikkje gode lesesalar.
- Besøket i arkivet så langt har først og fremst vore frå Tyskland, der fleire er interesserte i notematerialet som tyske militære musikkorps tok med seg til Noreg og la igjen etter krigen. Har òg vore litt svenskar innom, men vert lite brukt av nordmenn.
- Kompetansen deira ligg først og fremst hos Persen, så dei arbeider no med overføring av kompetanse ettersom han nærmar seg pensjonsalder. Mykje av materialet er heller ikkje registrert digitalt, men finnast berre i fysiske protokollar.
- Nils Persen er opptatt av at materialet bør brukast og håpar Forsvarets musikkorps og andre ønskjer å ta tak i dette materialet på sikt.
- Forsvarsmuseet blir egen etat i Forsvarsdepartementet frå 2025.
- Er det noko musikknettverket kan gjera? Støttebrev m.m.

Anno Museum, Nord-Østerdalsmusea. Maren Kværness Halberg

- Viktig å selge inn den kompetanse me faktisk har. Få kommune, fylke m.fl. Til å forstå kva kompetanse me har på musea.
- Spesialkompetanse på lyd på Tynset, gjør digitalisering på oppdrag (Nord-Østerdalsmusea)
- Kompetanse på lokal musikkhistorie i Rendalen
- Trekker fram Mats sin innsats i forrige periode av nettverket.
- Det tverrfaglige er viktig for hennes forståelse av musikken
- Musikken i folkelivsskildringene til Jacob B Bull
- Utfordring: få gode avtaler og samarbeid for formidling. Det er så masse som er lagt til rette på museet, så dei trenger meire bruk.
- Dei har kome langt i Rendalen med utvikling av utstillingane og museumslokala, men dei slit med å få ein god modell for formidlinga. Bygget vert ikkje brukt nok, så dei håpar på tettare samarbeid med skulane og liknande.

- Aktuelle prosjekt:

- Digitalisering av notesamlinga.
- Ordna arkivet og leggja inn i arkivportalen.
- Artiklar på Digitalt Museum og i Årbok for Nord-Østerdalen.
- Motivera musikkstudantar til å bruka kjeldematerialet.
 - Har gjort seg nokre tankar om Musikknettverket sin vidare funksjon:
- Kompetansefagleg påfyll for museumstilsette som jobbar med formidling av musikk
- Rettleia om gode tema for formidling
- Forslag til tema for forskning
- Visa til gode døme
- Peika på utfordringar og gi forslag til løysingar til museumsleingane

Anno Museum, Kirsten Flagstadmuseet. Annika Åsen

- Er aleine om den klassiske musikken på museet og er musikkhistoriker. Har vore på museet i 16 år.
- Museet er basert i Strandstuen som Flagstad voks opp i. Har norsk operas «Hall of fame» i grisehuset og på utedoen 😊

- Mangler ein måte å vise innholdet sitt på ein god måte digitalt. Har kikka på Rockipedia og tenkt på om det finnes lignende løysning for dei. Mulig fellesprosjekt på ei Rockipedia-aktig løysning.
- Ønsker meire masterstudenter og oppgåver om museet
- Kirsten Flagstad sin sjølvbiografi er aldri utgitt på norsk. The Flagstad manuscript, Louis Biancolli. Jobbar med å finne ei løysing for publisering.
- Bruken av samlinger og arkiv er gjennomgåande. Korleis formidle for studenter, musikere og generelt publikum.

Gjennomgang av prosjektet Museum i samspel ved Sveinung

3-årig prosjekt med støtte frå Kulturdirektoratet. Utvikla med utgangspunkt i førre samling i musikknettverket der me deltok på Nordisk instrumentseminar.

Formål:

Føremålet med prosjektet er å prøva ut nye metodar for tilgjengeleggjering av museumsobjekt og kunnskapen om den immaterielle kulturarven desse representerer, gjennom felles metodeutvikling basert på kartlegging, dokumentasjon og praktiske utprøvingar. Prosjektet skal styrka samarbeidet mellom aktørar som arbeider med vern og vidareføring av immateriell kultur frå ulike perspektiv, og inkluderer museum, instrumentmakarar, utdanningsinstitusjonar og interesseorganisasjonar. Bruk og tilgjengeleggjering av musikkinstrument i museumssamlingar er valt som empirisk materiale med mål om overføringsverdi til andre typar samlingar. Som allereie etablert fora for samarbeid, vil museumsnettverka tenkast inn som ramme for varige samarbeid i sektoren.

- Gjennomgang av framdriftsplan, økonomi og samarbeidspartnarar.
- Kontakt Sveinung for spørsmål.

Anno bevaringssenter, Anno Museum. Sander Solnes

Adm. og kommunikasjon er samlokalisert med bevaringssenteret.

3600m2 magasin, 5 klimasoner. Skal romme halvparten av magasinerte gjenstander i Anno Museum 1100m2 mottak, konservering og dokumentasjon. 530m2 adm og felles funksjoner.

Om instrumentsamlinga:

- Mykje trekkspel, m.a. frå Glomdalsmuseet som fekk ei stor samling på 130 stk. nyleg. Dei hadde frå før òg ei samling frå Rendalsmuseet. Tok dei inn alt eller vart noko «luka ut» før inntak?
- § Første trekkspelsamling vart sendt til varmebehandling «utan vidare refleksjon», men vurderte dette noko grundigare i neste runde. Dei testa då med nokre trekkspel først, og varmebehandlinga smelta noko voks slik at enkelte tunger fall av. Men har tatt ei vurdering av at det er viktigare å sikra heile samlinga (med insektbehandling) enn å måtta ta omsyn til alle enkeltgjenstandar. Dei valde difor å varmebehandla alt, trass i at det påverka deler av vaksen, då dei konservatorane med ansvar for samlinga vurderte det slik at det ikkje var svært viktig å sikra heile innmaten slik den var. Fleire instrument hadde òg lause tunger

allereie. Til sjuande og sist er det eit ressurs spørsmål og frysing ville til dømes tatt mykje lengre tid. Anoksibehandling kan dei ikkje gjera hos seg, men kan sendast til Oslo når det er snakk om objekt med særleg høg kulturhistorisk verdi.

- Andre instrument dei har ein del av – har ein eigen reol for store instrument:
- § Piano, harmonium, m.m. Nokre med beina lagra for seg sjølve.
- § Klokkespel frå ei kyrkje (finst youtube der dette vert spelt på)
- Har ikkje kome så langt med instrumentreolane sine, men har byrja med nokre av dei som hadde dårlegast oppbevaringsforhold.

Betraktningar etter to år med Anno bevaringssenter:

- Vert utfordra på samlingsforvaltingsoppgåver utføre det som opphavleg var tenkt, men opplever dette som positivt då dei bygger opp kompetanse som no kjem alle til nytte.
- § Bevaringssenteret skal no òg etablera ein inntakskomiteé, i tillegg til dei som finst på kvart enkelt museum, slik at ein får samkøyrte samlingane på tvers av musea. Dei håpar då i større grad å unngå dublettar.
- Avdelingane ser gjerne at nye mottak av gjenstandar kjem rett til bevaringssenteret. Men det kan òg gjera at ein mister «filteret» knytt til kva som er relevant å ta inn – terskelen vert lågare for berre å senda rett til bevaringssenteret.
- Dei har ikkje eigen bil til utkøyring eller henting av gjenstandar, men leiger dei bilane dei treng når dei treng dei. NB! Kan det òg vera ei løysing for frakt hos Ringve/Rockheim? Kanskje bilkollektivavtale – har jo bedriftsløysingar? Då vil me heile tida ha akkurat den bilen me treng til ulike oppdrag?
- Flytting av gjenstandar til bevaringssenteret er til stor hjelp for musea.
- Dei ser at kompetansen i Anno bevaringssenter vert etterspurt og at me er meir relevante enn nokon gong.
 - Har i løpet av dei første 2,5 åra flytta 25–30 000 gjenstandar, og har planar om å få flytta inn ca. 100 000 på sikt. Det går ikkje så fort som dei ønskjer.

Dag 2

Orientering om museet og kulturarbeidet i kommunen frå kultursjefen i Rendalen kommune. Framhever samarbeidet med Anno Museum og nytten av å bli ein del av museet. Tilgang til ekspertise, lagringsforhold og andre ressurser. Museet og identitet - kommunen har på ein måte to kulturer i dalføret, men museet er samlingsplass for alle.

Omsivning i Skolemuseet, Ottar Akre-utstillinga og Jacob Breda Bull-huset ved Maren Kværness Halberg

Musikk i norske museum – mogleg bokprosjekt v/ Arnfinn

Innleiing ved Arnfinn (idéar og spørsmål):

- Ønskjer å knyta dette til Ringve sitt 75-årsjubileum i 2027
- Musikk på museum er lite omtalt som sjølvstendig område i norsk museumshistorie
- Mål om auka status for våre fagområde
- Musikkvitskap ved NTNU har emne i kuratering av musikk på museum
- Musikknettverket bør jobba med eit felles prosjekt
- Tidlegare prosjekt i nettverket kan vera ein av fleire inngangar til boka

Mogleg format:

- Fagbok
- Antologi
- Kan innehalda vitenskaplege artiklar, essay, erfaringsbaserte artiklar, m.m.

Eit bokprosjekt bør romma:

- Oversyn over fagfeltet sin status per i dag
- Musikkrelaterte samlingar – herunder innsamlingsstrategiar og forvaltingsregime
- Musikalske praksisar på museum
- Utstillingar om musikk

Nokre overgripande tema:

- Identitet
- Kanon og mangfald
- Autoritative «antakelser» og kritiske perspektiv
- Autentisitet

Materielt og immaterielt:

- Dans og song som kulturarv i musea
- Instrumentmakarar, handverk, ideologiske føringar – bevara eller utvikla?
- Im/materielle verdiar: Konservering og restaurering i lys av spørsmålet om bruk (Musikkmuseum – gravlund eller heim for instrument?).
- Pedagogiske perspektiv. Musikkutdanning og musikk i skulen.

Arnfinn skriv på skisse til ein innleiande artikkel gjennom studiet ved UiB hausten 2024. Når den vert klar før jul vil me truleg ha litt meir «kjøt på beinet». RR ønskjer òg å avgjerda før jul om dette verkeleg er noko me skal satsa på.

Frå diskusjonen:

- Generell tilbakemelding frå fleire om at idéen er god.
- Bør tenka litt rundt å kunna tilby god rettleiing for ulike fagfelt.
- Bør setja nokre klare mål for publikasjonen som kan setja rammene for denne.
- Må tenka klart rundt målgruppa for publikasjonen, og kva vinkling og språk ein vel basert på det.
- Kva posisjon bruksmusikken har hatt i norsk historie? (kvardagslivet)
- Kva er «bruksmusikk»?

Digitalt møte med presentasjon av Museum i samspel og antologi-prosjekt

Deltakarar frå Kode, Valdresmuseet, Folkemusikkarkivet i Buskerud, Norges Musikkhøyskole og Ringve/ Rockheim.

Det vart gitt innspel til treårig handlingsplan for nettverket ifm søknad om støtte til koordinering og drift av nettverket.

Avrunding og vel heim!